



Samhandling om utskriving av pasientar

På basis av tilgjengeleg statistikk, gjennomført undersøking i kommunane og i Helse Førde og ein erfaringskonferanse i november 2014, er det utarbeidd ein samla [rapport](#) om korleis samhandlinga om utskriving av pasientar fungerer.



Rapporten gir eit nyttig grunnlag for ei rekke aktuelle oppfølgingstiltak. Det vil m.a. bli arbeidd med nye rutinar i revidert delavtale om utskriving. Læringsnettverk for å følgje opp erfaringane med sikte på forbetring vil og vere aktuelt.

Fylkesmannen skal gjennomføre tilsyn med samhandlinga om utskriving av pasientar frå sjukehus til heimen. Tilsynet vil omfatte to kommunar, Vågsøy og Gloppen, og tilsyn her vil bli gjennomført den 18.-19.03. og den 24.-25.03. I tillegg skal tilsynet omfatte Medisinsk avdeling ved Førde sentralsjukehus og Nordfjord sjukehus og Kirurgisk avdeling ved Førde sentralsjukehus. Tilsynet med helseføretaket blir gjennomført den 15.-16.04. Dette tilsynet vil kunne bidra ytterlegare til naudsynt læring og forbetring.


Telemedisin

Arbeidet med fase 3 av vårt unike telemedisinprosjekt i Sogn og Fjordane er i gang. I prosjektplanen for fase 3 er det definert 8 delprosjekt:

- Barneavdelinga ut i kommunane
- Kommunikasjon mellom legar i kommunar og sjukehus (i høve vurdering av barn)
- Videokonferanse under opphold og ved utskriving frå Kreftavdelinga
- Smittevern, undervisning til kommunane
- Kommunikasjon mellom dialyseeinngane i sjukehusa
- Samarbeid mellom Kreftpoliklinikken og infusjonspoliklinikkane ved lokalsjukehusa
- Høgskulen si rettleiing og undervisning overfor studentar og kontaktpersonar i kommunane
- Læring og meistring

I tillegg er det fleire som ønskjer å ta initiativ og som kjem med førespurnader om å prøve ut på andre område. Det er i det heile eit stort engasjement for utprøving av dette verktøyet.

Prosjektet har likevel størst fokus på implementering og breidning av det som vart sett i gang i fase 2. Det vil vere svært viktig no at alle får på plass tilrådd videoutstyr. Det tek til å kome seg, men skal vi lukkast, er vi avhengige av at alle er med.



Døme på praktisk nytte:
[konsultasjonar](#)
[undervisning](#)

Les meir på [nettsida](#) for prosjektet

Breidning av video-/telemedisinsk utstyr i fylket

Samhandlingsstatistikk 2013-2014



Helsedirektoratet har publisert [samhandlingsstatistikk 2013-2014](#). Publikasjonen inneheld mykje interessant informasjon.

Nasjonal helsekonferanse 15.01.15

KS og Helse- og omsorgsdepartementet arrangerte den 15.01.15 nasjonal helsekonferanse. [Presentasjonane](#) frå konferansen er tilgjengelege på nettsidene.

Sogn lokalmedisinske senter



Sogn lokalmedisinske senter starter opp den 23.02.15. Offisiell opning av senteret blir den 02.03.15. For meir informasjon om det hektiske arbeidet fram mot oppstart, sjå prosjektet si [heimeside](#) på internett.

Kjernejournal



Innbyggjarar i Sogn og Fjordane får kjernejournal frå 01.03.15. Kjernejournalen vil ha informasjon om

- Pasienten sine eigne registreringar
- Legemiddel
- Besøkhistorikk frå sjukehus
- Kritisk informasjon (t.d. alvorlege allergiar, implantatar, viktige behandlingar, alvorlege tilstandar)
- Logg over kven som har gjort oppslag kjernejournalen
- Innstillingar (styring av tilgang m.v.)

Legar i kommune- og spesialisthelsetenesta kan legge inn kritisk informasjon i kjernejournalen. Føremålet med kjernejournal er at alt helsepersonell skal få tilgang til viktig informasjon om pasienten i ein akutt situasjon. Det kan redde liv.

Les meir på [Helsedirektoratet si nettside](#). Helsepersonell fylket kan ta kjernejournal i bruk frå 14.04.15. Helsedirektoratet vil arrangere informasjonsmøte i Helse Førde den 16. og 17.04.15, og ein vil prøve å legge til rette for at kommunalt personell kan få tilgang til denne informasjonen via video. Meir informasjon om kjernejournal kjem.

Verksemdsmessig utviklingsplan for Helse Førde

Helse Førde skal innan november i år rullere sin verksemdsmessige utviklingsplan. Planen skal oppdaterast og omfatte alle tenestemråda, og den skal syne hovudretning for tenesteutviklinga i helseføretaket. Den verksemdsmessige utviklingsplanen er m.a. eit viktig grunnlag for utarbeiding av den bygningsmessige planen og aktuelle arealplanar. Vesentlege strukturmessige endringar er ikkje tema no. Det vart informert om arbeidet i koordineringsrådet den 13.02.15 og helseføretaket vil vektlegge ein open prosess og god informasjon til sin samarbeidspartnarar og omverda elles.

Samhandlingskonferansen 2015

Minner om *Samhandlingskonferansen* i Sogn og Fjordane den 08.-09.04. Programmet er no straks ferdig til utsending. Dagane vil bli spennande og nyttige. Professor Per Fugelli og mange andre dyktige innleiarar vil bidra til det.



NAV si spalte – auka yrkesdeltaking



NAV skal bidra til at flest mogleg kan delta i arbeidslivet i så stor grad som muleg, trass i ulike helseplager. Kunnskapen om dei positive effektane som deltaking i arbeidslivet gir på helse og livskvalitet er godt dokumentert. I 2015 vil NAV sette eit ekstra trykk på dette arbeidet for å gi betre oppfølging og støtte til sjukmelde arbeidstakarar. Målet er å betre samarbeidet mellom behandlar, arbeidstakar og arbeidsgjevar for å auka yrkesdeltakinga i sjukmeldingsperioden, trass i helseplager som er mellombelse eller varige. Dette arbeidet føreset at NAV får eit tett samarbeid og god medverknad frå helsevesenet og arbeidsgjevarane i fylket. NAV kjem til å ta kontakt med representantar frå kommunehelsetenesta og helseføretaket og ser fram til samarbeidet om denne viktige oppgåva.